



Kunnskapsdepartementet

Saksnr 2012/833 Løpenr. 4055/2012 Klassering Avd / sakshandsamar OMS/ MAB Dato 27.04.2012

Høyringsuttal frå barnehagenettverket Sjustjerna NOU 2012:1

Barnehagenettverket Sjustjerna er samansett av barnehageadministrasjonen i kommunane: Sande, Vanylven, Herøy, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda. Vi har følgjande uttale vedrørande framlegg til ny barnehagelov:

Kap II Barns rettigheter

- §10 Det psykososiale miljøet

Her bør det klargjerast i teksten til § om dette gjeld berre for den tida barnet er i barnehagen.

Kap IV Barnehageeiers ansvar og oppgaver

- §16 Krav om forsvarlig system for barnehageeier.

Vi i barnehagenettverket Sjustjerna håper at det blir utarbeidd system. Viktig med samarbeid, slik at ikkje alle må finne opp «kruttet».

Kap V Lokale barnehagemyndighets ansvar og oppgaver

- §17 Kommunen som lokal barnehagemyndighet

Sjustjerna ser positivt på at det vert kravd at kommunen skal ha tilgang på barnehagefagleg kompetanse over barnehagenivået.


§19 Godkjenning av barnehagen

- «...I vurderingen av om en barnehage er egnet til å oppnå lovens krav kan det legges vekt på om barnehageeier eller andre personer som vil ha vesentlig innflytelse på virksomheten er egnet til å drive barnehage.»
- ***Korleis skal vi handtere dette?***

Subjektive eller objektive vurderingskriterier? Forskrift!

§ 24 Moderasjonsordninger

- ***Store inntektsvariasjonar i kommunane. Sjustjerna sitt synspunkt: kommunane må sjølv fastsette inntektsgrunnlaget for graderte betalingssatsar.***
- ***Kven skal fange opp endra inntekt midt i eit barnehageår?***
- ***Dette gir meirarbeid for administrasjonen.***



Konklusjon: Bhg.nettverket Sjustjerna ønsker å halde på foreldrebetalinga slik ho er i dag, med ein landsomfattande felles makspris.

§25 Samarbeid om barnehagens forebyggende og helsefremmende funksjon.

- ***Dette har vi venta på og vi ser vi fram til eit meir formalisert samarbeid ☺***
- ***Økonomi!***

§32 Barnehagens grunnbemanning. "En ansatt kan ha ansvaret for inntil tre barn under tre år. En ansatt kan ha ansvaret for inntil seks barn over tre år. En førskolelærer kan ha ansvaret for inntil seks barn under tre år. En førskolelærer kan ha ansvaret for inntil tolv barn over tre år."

Framlegget til ny lov om barnehagar gir fleire tilsette med pedagogisk utdanning, men ikkje fleire tilsette pr. barn.

- ***Utvalet diskuterer og konkluderer med at talet barn pr. tilsett har vore gradvis aukande. Særleg gjeld dette for store barnehagar og det har vore ei utvikling til større barnehagar. Konklusjon: Det er ikkje ynskjeleg med ei utvikling til store barnehagar med fleire barn pr. tilsett.***
- ***Vi viser til at pedagogisk forskning viser at barn lærer best i 1:1 relasjonar, vi nemner språkutvikling, tilknytning, m.v.***
- ***Barnehagelova må vere heilt tydelege på om dei meiner barn eller heiltidsplassar. I 2012 har vi endeleg fått felles forståing om at pedagogisk leiar skal reknast i forhold til talet på barn, men det same kan vel ikkje gjelde assistentar?***

Barnehagenettverket Sjustjerna ber om at bemanningsnorma blir vurdert på ny; til barn sitt beste og til samfunnet sitt beste!

§43 Rett til å krevje undersøkelse og medvirkning. Personalets handlingsplikt

- ***Personalet i barnehagen. Kven er det?***
- ***Kven har handlingsplikt?***


Ferie

Vaksne arbeidstakarar har sin ferie regulert i arbeidsmiljølova.

Barnehagenettverket Sjustjerna ønsker at barna skal få sin rett til ferie regulert i barnehagelova. Ferien bør vere av same lengd som for arbeidstakarar (5 veker)

Med helsing

Mariann Båtnes
for barnehagenettverket Sjustjerna



HAREID KOMMUNE
Område for skule

